

## Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 12.11.2019

**Alfred Bjørlo (V)** stilte spørsmål om han var inhabil. Bjørlo gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for kultur, idrett og integrering vedtok samråystes at Bjørlo ikkje var inhabil. Bjørlo tiltredde saksbehandlinga.

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 5

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vil be fylkesadministrasjon om å kome attende til utvalet i løpet av første halvår 2020 med ein presentasjon og oppdatering av prosjektet Røldal pilgramssenter sett i samanheng med lang tidsplan for pilgrimssatsing 2019-2037.»

**Bjarte Vatnøy (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Hovudutval for kultur, idrett og integrering rår til at ein ikkje tar kystpilegrimsleia inn i budsjettet på dette tidspunkt, da konsekvensane med nedtrekk på 800.000 på andre område ikkje er utgreid.

Dette er eit spennande prosjekt, men vedtak her nå vil trulig råka barn og unge sine tilbud for året 2020 i Vestland.

Saka blir behandla på nytt dersom det kjem støtte gjennom statsbudsjettet.»

**Kurt Jonny Hæggernæs (PP)** sette fram prosjektleiar sitt forslag til innstilling.

**Alfred Bjørlo (V)** sette på vegner av A, Sp, SV, MDG og V fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 4

Fylkestinget er innstilt på å gi eit regionalt bidrag til prøvedrift av pilegrimssenter i Vestland i 2020 inntil statleg finansiering er stadfesta på statsbudsjettet for 2021.»

### Avrøysting

Vatnøy sitt forslag fekk 1 røyst (FRP) og fall.

Prosjektleiar sitt forslag punkt 1-3 fekk 14 røyster (A, Sp, V, MDG, SV, H, FNB, R, PP) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (FRP).

Prosjektleiar sitt forslag punkt 4 fekk 1 røyst (PP) og fall.

Bjørlo sitt forslag punkt 4 fekk 14 røyster (A, Sp, V, MDG, SV, H, FNB, R, PP) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (FRP).

Kollbotn sitt forslag fekk 14 røyster (A, Sp, V, MDG, SV, H, FNB, R, PP) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (FRP).

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget sluttar seg til etableringa av regionale pilegrimssenter i Bergen og Selje som ledd i ei varig regional satsing på Kystpilegrimsleia.
2. Delfinansiering av drifta av to regionale pilegrimssenter i Vestland vert handsama som del av arbeidet med økonomiplanen og budsjett 2020.
3. Driftsfinansiering føreset at tiltaka vert finansiert etter ein modell der staten dekkjer 60%, kommunane 20% og Vestland fylkeskommune 20% av driftskostnaden.

4. Fylkestinget er innstilt på å gi eit regionalt bidrag til prøvedrift av pilegrimssenter i Vestland i 2020 inntil statleg finansiering er stadfesta på statsbudsjettet for 2021.  
Hovudutval for kultur, idrett og integrering vil be fylkesadministrasjon om å kome attende til utvalet i løpet av første halvår 2020 med ein presentasjon og oppdatering av prosjektet Røldal pilgrimssenter sett i samanheng med lang tidsplan for pilgrimssatsing 2019-2037.